

Supplement til verksemdsplanen

Blått kompetansesenter vest (heretter omtala som BKSv) la fram verksemdsplanen sin i februar i år. Nokre fleire tema har kome inn i planen sidan den gong. Verksemdsplanen blir derfor supplert med opplysningane nedanfor. Dette dokumentet gir også meir konkret omtale av delar av den planlagde verksemda til BKSv.

BKSv er eit føretak som sameinar interesser og oppgåver til fire partar:

- Vestland fylkeskommune
- Havforskningsinstituttet
- Austevoll Næringsråd
- Austevoll kommune

Føretaket er eigd med like store delar av Austevoll kommune og Austevoll Næringsråd.

Kort om fylkeskommunen og BKSv:

Dåverande Hordaland fylkeskommune stod i bresjen for Blått kompetansesenter. Det blei gitt økonomisk støtte, og ikkje minst var det tilsette ved Austevoll vidaregåande skule som tok initiativet og leia arbeidet med forprosjektet.

I verksemdsplanen er det to avdelingar som direkte blir sett i samanheng med aktiviteten til BKSv. Det er Austevoll vidaregåande skule og Austevoll-avdelinga til Fagskulane i Hordaland, under opplæring og kompetanse; og avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Den overordna, fylkeskommunale rolla som samfunnsutviklar er også relevant i formålet bak BKSv.

Ideen bak å etablere BKSv – som ein aktør som femnar over offentleg og privat sektor, ulike offentlege instansar og næringar – byggjer på samarbeidet som allereie er til stades i Austevoll og omkring Austevoll. Drivkrafta har vore at ein organisasjon, eit blått kompetansesenter, både kan legge til rette for, og i eigenregi gjennomføre, tiltak og aktivitetar som forsterkar samarbeid på tvers, som bidrar til meir utvikling, og som har heile Vestlandet som sitt kjerneområde.

Satsingsområda til BKSv:

Verksemda til BKSv er inndelt i fem satsingsområde:

Rekruttering
Opplæring
Næringsutvikling
Møteplassar
Formidling

Tema under kvart satsingsområde kan vere klart avgrensa, eller femne over eitt eller fleire av dei andre områda.

Rekruttering	<p>BKSV skal bidra til rekruttering til marine og maritime utdanningar. Dette er første steget for å sikre kompetanse og sysselsetting i dei blå næringane.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I lag med opplæringskontor og næringsliv utarbeide heilskapleg profilering og kampanje for å kartlegge og presentere mangfaldet av spennande utdanningar og yrker innan blå næringar. • Sørge for betre medverknad i rekrutteringsarbeidet med ungdomsråda i fylkeskommune og kommune. • Samarbeid og medverknad frå lærlingkontor, bedrifter og ikkje minst ungdomanes egne representantar vil bidra til smartare og meir treffsikker formidling og større nærvær overfor framtidige elevar og studentar innan marine og maritime utdanningar.
Opplæring	
Næringsutvikling	
Møteplassar	
Formidling	

Rekruttering	<p>Vidaregåande skule og fagskule er ein del av BKSV. BKSV overtar ikkje oppgåver frå desse aktørane, men senterets rolle handlar om å legge til rette for endå betre samarbeid mellom skulane, HI, lærlingkontor og næringsliv.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Betre samarbeid med marine og maritime bedrifter og bransjeorganisasjonar for å sørge for ein samanheng mellom næringanes behov for framtidig kompetanse, og opplæringstilbodet. • Samarbeide med andre vidaregåande skular og fagskular, blant anna gjennom Blått kompetansenettverk, for å vidareutvikle eksisterande studietilbod – og ved etablering av nye fag og studiar. • BKSV som ein naturleg rådgjevar og samarbeidspartnar for utdanningsinstitusjonar i spørsmål som gjeld studietilbod og rekruttering innanfor marine og maritime næringar. • Tilpasse kursverksemd og etablere etterutdannings- og kompetansehevingsprogram i møte med nye krav og behov.
Opplæring	
Næringsutvikling	
Møteplassar	
Formidling	

Rekruttering	<p>BKSV skal dekke det meste av rettleiingsbehovet som nyetablerarar og bedrifter i dei blå bransjane har. BSKV skal ikkje konkurrere med etablerte tenester, men skal ha kunnskapen om tilbod og ordningar slik at det blir éi dør inn for rettleiing, der ein kan vise aktørar vidare blant anna når det gjeld det statlege verkemiddelapparatet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunal førstelinjeteneste, med rettleiing og kursverksemd. • Samarbeid med næringshagar og klyngeorganisasjonar i regionen. • Mentorordning, med rettleiing og oppfølging frå etablerte gründerar og bedriftsleiarar og forskarar frå HI. • Kurstilbod og kompetansehevingsprogram skreddarsydd for marine og maritime næringar. • Utnytte betre test- og øvingsfasilitetane til Austevoll vgs. og fagskulen og etablere sikkerheitssenter på Sauganeset slik at ein kan tilby endå fleire kurs som møter nye krav og behov i næringslivet.
Opplæring	
Næringsutvikling	
Møteplassar	
Formidling	

Rekruttering	<p>BKSV skal legge til rette for at utdanning, forskning og næring møtast, deler kunnskap og etablerer samarbeid. Senteret skal etablere møteplassar med faste arrangement som er differensierte – med tanke på tema, kor fagleg teknisk – eller lettfattleg – informasjonen er, og deltakarar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Havgdagen. Årleg hending. I første omgang to-delt opplegg:
Opplæring	
Næringsutvikling	
Møteplassar	

Formidling	<ol style="list-style-type: none"> 1. Publikumsaktivitetar med open dag og omvisningar på forskingsstasjonen og forskingsskipa til HI, i simulatorar og tokt med skulefartøya til fylkeskommunen, besøk til oppdrettsanlegg, visningscenter på fiskeindustrien, m.m. Det skal vere eigne opplegg for barnehagar og skuleklassar. 2. Program for fagseminar, foredrag, faglege og politiske debattar. <p>Havdagen skal skje på lokalitetane som aktørane driv verksemdene sine, hos HI på Sauganeset, forskingsfartøy i Bergen, i skulebygget til Austevoll vgs. og fagskulen. Fagseminar vil finne stad i auditorium på Sauganeset, konferansesalen til Bekkjarvik Gjestgiveri, bedriftskantiner, i Bergen vil ein kunne nytte Store Blå, visningscenteret til Lerøy, og lokale som Litteraturhuset.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dyk i Bekkjarvik. To-tre gongar i halvåret arrangerer BKSVMøteplassen «Dyk i Bekkjarvik», som finn stad i storsalen «Lø» i Bekkjarvik Gjestgiveri. Formatet på arrangement vil likne talkshow, med intervju og samtalar, eller foredrag, og eitt eller nokre få tema kvar gang. Programmet er tilpassa snøggbåtrutene mellom Bergen, Flesland kai, Hufthamar og Bekkjarvik, frå kl. 15.00 til 17.00, for å sikre at det ikkje blir eit «lokalt» arrangement. <p>Tema som er til vurdering er: HI 120 år – forteljinga om norsk havforskning og samhandling mellom forskning og næring; «Evig eies kun et dårlig rykte» - myte og sanningar om oppdrettsbransjen; Samtale om redningsaksjonen etter Northguider-forliset på Svalbard.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fagseminar og foredrag om relevante tema, som fastsetting av bestandsmål, innføring av nye lover og forskrifter, forskingsprosjekt, osv.
-------------------	--

Rekruttering	<p>BKSV skal i samarbeid med aktørane bak selskapet, og i eigen regi, forsterke formidlinga av kunnskap og bidra til større merksemd om både forskning, utdanning og næringsliv. Sjølv om formidling er ein viktig del av dei andre satsingsområda, er det likevel løfta fram som eit satsingsområde.</p> <p>Kommunikasjon og formidling er heilt sentralt for å oppnå mange av dei målsettingane BKSV har.</p> <ul style="list-style-type: none"> • BKSV skal formidle informasjon på ein lettfattleg måte. Det skal bidra til at tungt fagstoff kan forståast av folk som ikkje har stor kjennskap til faget frå før. • BKSV skal formidle forskingsprosjekt og -resultat i form av artiklar, videofilmar og arrangement, særleg i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga til HI. • BKSV skal særleg ha merksemd på formidling av saker og hendingar overfor barn og unge. • BKSV skal sørge for at kommunikasjonen faktisk er to-vegs der spørsmål frå publikum skal svarast på, av fagfolk – om alle tema som naturleg fell inn under blå sektor. • I samarbeid med blant anna Bekkjarvik Gjestgiveri vil BKSV bidra til å formidle kor enkelt det er å omgjere fisk og sjømat, til sunn mat som er enkel å lage. Det er ønske om å bidra til å auke konsumet av fisk og sjømat, både i eit folkehelse- og økonomisk perspektiv.
Opplæring	
Næringsutvikling	
Møteplassar	
Formidling	